

Ordensreglement for skulane i Øystre Slidre

1 Innleiing

1.1 Heimel

Med heimel i Opplæringslova § 9A-10 har kommunen fastsett forskrift om felles ordensreglement for alle grunnskulane i Øystre Slidre kommune. Forskrifta er vedtatt i kommunestyre 29.11.18 saksnr 62/18
Forskrifta trer i kraft frå 29.11.18.

1.2 Føremål

Ordensreglementet skal bidra til å skape trygge rammer i læringsmiljøet på skulane. Alle har eit ansvar for korleis skulemiljøet er og vert utvikla. Det er difor viktig at både elevar, føresette og tilsette arbeider for å skape eit godt arbeids- og læringsmiljø på den enkelte skulen. Elevane skal fylgje vanlege reglar i samfunnet og vise god folkeskikk. Som elev har ein difor både rettar og plikter som skal fylgjast.

Reglementet skal ivareta den enkelte elevs rettar og plikter så langt det ikkje er fastsett ved lov eller på anna måte.

Ordensreglementet skal vere eit felles verktøy slik at skulane i Øystre Slidre kan ha ei mest muleg lik sakshandsaming.


1.3 Verkeområde

Ordensreglementet gjeld dei kommunale grunnskulane. Reglementet gjeld og skulefritidsordninga så langt det høver.

Skulane har ansvar for elevane i undervisninga, under arrangement, på ekskursjonar og anna der elevane er under skulen si leiing. Av dette fylgjer at ordensreglementet gjeld både på skulen sitt område og andre områder skulen nyttar til undervisning/arrangement.

Ordensreglementet gjeld på skulevegen. Eventuelle tiltak forutsett at skulen blir informert om brot på ordensreglementet.

I tillegg til kommunens ordensreglement har samarbeidsutvalet ved skulane myndighet til å utarbeide eigne ordensreglar tilpassa lokale forhold. Det kommunale reglementet kan ikkje fråvikas.



2 Reglar for orden og åtferd

2.1 Reglar for orden

- 2.1.1 Alle skal møte presis til undervisning og andre avtaler.
- 2.1.2 Alle skal gjere og levere skulearbeidet til avtalt tid.
- 2.1.3 Alle skal ha god orden og bidra til at området på skulen er rent og ryddig.
- 2.1.4 Alle skal ta vare på skulebygget, inventar, lærebøker, undervisningsmateriell og andre eigendelar slik at dei ikkje vert utsette for hærverk og unødvendig slitasje og forbruk.
- 2.1.5 Mobiltelefon og liknande skal som hovudregel vere slege av i undervisningstida.
- 2.1.6 Skulen sitt datautstyr og internetttilgang skal som hovudregel berre nyttast i samband med undervisning.
- 2.1.7 Det er ikkje høve til å forlate skuleområdet utan skriftleg løyve frå skulen eller dersom melding er sendt frå heim til skule i forkant.


2. 2 Reglar for åtferd

- 2.2.1 Alle skal ha eit godt lærings- og skulemiljø der ein viser respekt for undervisninga.
- 2.2.2 Alle skal vise respekt og omsorg for kvarandre. Ein skal forhalde seg til skulens handlingsplan for å fremme eit godt psykososialt miljø.
- 2.2.3 Alle skal ta del i undervisninga slik den er organisert, bidra til å halde arbeidsro i timane og fylgje dei reglane som gjeld i prøve- og undervisningssituasjonar.
- 2.2.4 Alle får ha eigendelane sine i fred, men så langt det er mogleg bør du unngå å ta med verdisaker på skulen.
- 2.2.5 Ingen skal ha med ulovlege/farlege gjenstandar.
- 2.2.6 Ingen skal vere rusa, bruke, oppbevare, omsette eller ha med tobakk, snus, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel på skulen sitt område eller arrangement.

3 Tiltak ved brot på ordensreglementet

Alle sanksjonar skal vere slik at eleven forstår kva for regel som er broten og kvifor skulen må reagere på dette. Sanksjonane skal stå i rimeleg forhold til brotet på ordensreglementet. Tiltaket bør kome så nær regelbrotet i tid som mogleg. Dersom det er mogleg, skal eleven få høve til å gjere opp for seg.

Brot på reglar som fylgjer av lov eller reglement kan få sanksjonar etter reglane i dette kapittelet, dersom ikkje anna er særskilt nemnt.



Øystre Slidre kommune

Dersom særskilde grunnar talar for det, kan også andre sanksjonar av mindre inngripande art gjennomførast.

Elevane pliktar å fylgje sanksjonane dei vert i lagt. Dersom dette ikkje vert gjort, kan ein gje nye sanksjonar.

Fysisk refsing eller anna krenkjande handsaming må ikkje nyttast. Med fysisk refsing meiner ein ikkje arbeid i samband med rydding, vask, og/eller reparasjon etter seg sjølv eller andre.

Skulane i Øystre Slidre kan nytte følgjande sanksjonar ved brot på ordensreglementet:

- Munnleg irtettesetjing.
- Skriftleg irtettesetjing/ åtvaring.
- Heimen vert informert.
- Pålegg om oppgåver for å rette opp skade dei har gjort på skulen sin eigedom eller eigendelar (rydde søppel, vaske golv, fjerne tagging og liknande)
- Erstatningsansvar. Foreldre kan bli gjort erstatningsansvarlege for skade som er gjort med føresett eller aktlaust av barna deira med inntil kr 5000,- for kvart enkelt tilfelle, jf. Skadeerstatningslova §1-2.
- Vere til stades på skulen før eller etter skuletid i samband med samtale med lærar/rektor og/eller utføring av oppgåver som er pålagde.
- Inndraging av gjenstandar som vert brukte på ein farleg eller provoserande måte, og/eller andre gjenstandar som ikkje skal vere med på skulen. Gjenstandar som ein har drege inn, kan leverast tilbake til føresette (ulovlege gjenstandar vert leverte til politiet).
- Utestenging av enkeltelevar frå spesielle arrangement og aktivitetar.
- Bortvisning av undervisning:
 - 1.-7.kl: bortvising for enkelttime eller resten av dagen
 - 8.-10.kl: inntil 3 dagar

Ved all bortvising frå undervisning skal foreldra informerast.

- Nedsett karakter i orden og åtferd
- Mellombels eller permanent bytte av klasse
- Mellombels eller permanent bytte av skule
- Melde straffbare forhold til politiet

4 Reglar for handsaming av sak ved sanksjonar


Kvar enkelt skule må syte for at kommunens ordensreglement er kjent for elevane, foreldre og dei tilsette.

Handsaming av brot på ordensreglementet følgjer av opplæringslova.

I den grad avgjerda om å ilegga ein sanksjon vert rekna som eit enkeltvedtak, skal reglane for sakshandsaming følgje forvaltingslova kap. III-VI.

Av dette følgjer mellom anna at:

- Foreldra til eleven skal varslast før vedtaket vert gjort og dei skal få høve til å uttale seg innan ein sett frist. Til vanleg vert det gjeve skriftleg varsel på førehand.



Øystre Slidre kommune

- Skulen skal sjå til at saka er forsvarleg utgreidd før det vert fatta vedtak.
- Elevar skal få høve til å gje uttrykk for sitt syn.
- Enkeltvedtak skal vere skriftleg og grunngjeve. Det kan klagast på vedtaket, det må difor ha med opplysningar om retten til å klage, klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klage.

Ved rimeleg grunn til mistanke om brot på reglane om ulovlege/farlege gjenstandar eller rusmidlar og tobakk, kan leiinga på skulen be dei føresette til eleven om lov til å ta kontroll av lommer, klede, sekkar eller vesker. Dersom det er muleg, skal dei føresette ha høve til å vere med ved ein eventuell kontroll.